

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 22.09.2020
FRÅ: Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR:

SAKA GJELD: Administrerende direktør si orientering pkt. 2
Etablering av pakkeanlegg for eindose i Helse Vest - oppstart

ARKIVSAK: 2020/204
STYRESAK: 27/20

MØTE: 29.09.2020

.....

Oppsummering

Alle regionale helseføretak i Noreg arbeider for å auke bruken av eindosepakka legemiddel på sine sjukehus. I dag vert det nytta eindosepakka legemiddel levert frå Sykehusapoteket i Skien til Helse Fonna, Helse Stavanger og ved Haraldsplass Diakonale Sykehus. I 2019 vedtok òg Helse Bergen og Helse Førde å ta i bruk eindose. Sykehusapoteket i Skien har ikkje kapasitet til å forsyne heile Helse Vest med eindose, så det skal no etablerast eit eige regionalt pakkeanlegg for Helse Vest. Helse Vest har no gjort vedtak om at eindoseanlegget vert etablert i Bergen ved Sjukehusapoteket i Bergen (SiB)/Haukeland Universitetssjukehus.

Fakta

Sammenheng mellom prosjekt og prosessar

Då Sjukehusapoteka Vest står framfor fleire investeringar i areal, var det viktig for SAV at Helse Bergen vedtok (LM-sak 20-131/30.6.2020) at ein ville behalde og vidareutvikle Verkstedsbygget (der SiB held til).

Uavhengig av pakkeanlegg for eindose må SiB oppgradera driftsfunksjonar dei har i dag, blant anna gjennom robotisering av cytostatikaproduksjonen og oppgradering av teknisk infrastruktur (m.a ventilasjon). Første del av ombyggingane ved apoteket i Bergen er snart ferdige, og produksjon av salve og krem kan starta opp (nasjonal funksjon). Tidspunkt for neste fase, som inneber etablering av eindoseanlegg, passa difor godt med avklaringane som no er gjort rundt Verkstedsbygget.

Arealbehovet for eit enkelt pakkeanlegg er avgrensa til om lag 300 kvm. Det vert estimert at det vil krevje om lag 5 årsverk til å drifte anlegget.

SAV er i dialog med Helse Bergen om prosjektleiing for å sikre at ulike delprosessar blir godt koordinerte mellom SiB og HUS. Planarbeidet er tenkt starta opp så snart ein har avklart ansvarstilhøve.

Når det gjeld prosess med **innkjøp av utstyr** for eindoseproduksjon, er det etablert ei prosjektgruppe i samarbeid med Sykehusinnkjøp. Fyrste fase er planlegging av marknadsdiallog og avklaring av behov. Særleg tenkjer SAV at vegvala må ta høgde for dei ulike behova som vil være i sjukehusa framover når det gjeld trygg forsyning og dokumentasjon av handtering av legemiddel heilt fram til pasient. Det vil difor vere naudsynt med dialog med kvart enkelt sjukehus.

Framdriftsplan for bygging og driftssetjing av eindoseanlegget vil bli klar i år, når alle avhengigheitar er identifisert og plassert.


SAV har i økonomisk langtidsplan lagt inn ein investeringskostnad på ca. NOK 15 mill. som skal dekke utstyr, innreiing og spesialtilpassing av rom for eindose. Andre byggkostnader må leggjast inn som husleige for SAV, med utgangspunkt i sjølvkost.

Vidare utvikling

SAV si vurdering er at auka bruk av eindosepakka legemiddel, vidareføring av tenesta «Apotekstyrt legemiddellager (ASL)¹» og ny systemstøtte gjennom Meona kombinert vil gje sjukehusforetaka i Helse Vest ei vesentleg forbetra støtte til legemiddelhandteringa. Desse løysingane legg og til rette for ytterlegare automatisering av medisinalagra i framtida. Figur 1 under viser eit døme på robot som kan nyttast for automatisk pakking av legemiddel til pasient/sjukehuseining i bokser/traller. Roboten kan anten etterfyllast manuelt av apotekpersonalet, eller automatisk via rørpostkopling mot apoteket.

Det er høg merksemd på utvikling av teknologi som kan nyttast på legemiddelområdet, både for å effektivisera arbeidsprosessar og for å auka pasienttryggleiken. Fleire ulike leverandørar utviklar no løysingar som på sikt kan være aktuell for bruk i Helse Vest. Dette kan bli utfordrande for arealbehovet (truleg x3). For ordens skuld har vi sett i gang eit arbeid for å kartleggje dette, og på grunn av prosessar i Helse Sør-Øst og Helse Midt Norge, som og drøftar kva strategiar som er mest langsiktige på dette området.

¹ Drift av legemiddellageret i sjukehuseininga i regi av apoteket. Apoteket sikrar at eininga til einkvar tid har eit definert utval legemiddel på lager. Utvalet er godkjent av ansvarleg lege i eininga.



Figur 1: Eksempel på robot for automatisering av medisinlager².

² Illustrasjonen er nytta etter samtykke frå VingMed AS.